



Det sentrale friluftsområdet er no i kommunal eige, og sikra for friluftsliv og rekreasjon. Opphavelag var området regulert til industriføremål, men framsynte politikarar såg at Knarvikbygda ville ha behov for ein naturpark i lageleg avstand frå sentrum og bustadområda.

The area was at one time marked for industrial use, but far-sighted politicians understood that Knarvik soon would need a natural park and recreational opportunities within walking distance from the village.



Kvassnesstemma.

Foto: Steiner Ekkeren



Rute og ymse av interesse

Terrang: Relativt flatt, på gangveg eller grusa veg.
Tid: 45 minuttar

Etter Nordhordlandsbrua vart opna hausten 1994, har trafikken i området auka kraftig. Difor er folk som bur i området ekstra glade i den fredelige idyllen rundt Kvassnesstemma. Knarvik har og store buområde, - det meste bygd på 1970-80 talet.

Vi startar ved Turistinformasjonen i Knarvik Senter (1). Her frå følgjer vi gangvegen under E39, svingar til venstre og følgjer gangvegen langs E39 forbi bensinstasjonen, kryssar gata i fotgjengarfeltet og følgjer vegen som skrår mot høgre forbi Reikeråsbygget og Vegstasjonen.

På veg opp bakken mot Reikeråsbygget (2) får du eit bra utsyn ver Knarvik sentrum. Knarvik er kommunesenter i Lindås kommune og største tettstaden i Nordhordland. Her finn du eit bra utval av butikkar og andre

Route and places of interest

Terrain: Mostly flat, pedestrian walks and gravel roads.
Time: 45 minutes.

The traffic in the area has increased considerably since the Nordhordland Bridge opened in 1994, and the locals love to escape to the quiet and idyllic landscape at Kvassnesstemma. Most of the residential areas around Knarvik were developed in the 1970's and 1980's.

The walk starts at the Tourist Information Office in Knarvik Senter (1). Follow the pedestrian walk under E39 and turn left. Continue on the pedestrian walk along E39 past the petrol station. Cross the street at the pedestrian crossing and keep to the right past the Reikerås Building and the public road-station.

In the hill up to the Reikerås Building (2) you get a good view of Knarvik centre. Knarvik is the largest village in Nordhordland and the administrative centre of the Lindås municipality. Here you find turist information, banks, various public services, doctor, dentist and several good shops. Continue on the local road down towards Satabu Retirement Home (3) and find the path to Kvassnesstemma. The name literally means *The Dam at the Pointed Ness*, and the lake was once the reservoir for an old flourmill by the fjord (10). The path around the lake is 900 m. long and was built between 1991 and 1995. It was financed as part of a national project for the development of recreational areas in "water environments".

By the path down to the lake there is an information board (4) with a map of the area, as well as information about wildlife and plants.

If you turn right at the information board and climb the little hill, you will discover the first of several resting-places (5) provided intermittently around the lake.



serviceinstitusjonar som lege, tannlege, ulike offentlege kontor og turist-informasjon.

Vi vandrar vidare langs lokalvegen ned mot Såtabu aldersheim (3), og finn stien ned til Kvassnesstemma. Som namnet tilseier, har vatnet som ligg her blitt demt opp som magasin for gardskverna som låg ved utløpet (10). Stien rundt vatnet er om lag 900 meter lang og vart bygd med tilskotsmidlar frå aksjon vannmiljø i perioden 1991-95.

Følgjer du vegen ned til vatnet vil du møta ei informasjonstavle (4) med kart over området, og nærare informasjon om natur og miljøkvalitetar i området.

Vi går til høgre ved skiltet og opp ein liten kneik, og finn den første av kvileplassane (5) langs vatnet.

Kvassnesstemma har eit yrande fulgjeliv, særleg i sommarhalvåret. Fleire slag måse, andefuglar, og vadarar held til på eller ved vatnet og i lyngheia og småskogen har ulike artar småfugl tilhald. Vatnet har ein liten aure-stamme som hobbyfiskarar kan prøva fiskelukka etter.

Går du vidare langs stranda mot vest, møter du etterkvart fleire stiar som fører ned til friluftsområdet frå nærings- og bustadområda rundt Kvassnesstemma. Først stien frå parkeringsplassen bak Trafikkstasjonen (6), deretter stien frå næringsområdet ved Nordhordland Kraftlag (7). I vika etter denne stien skal det lagast ein større rasteplass med ei lita vasse-vik (8). Dette er eit prosjekt som Knarvik barneskule står for. Skulen har «adoptert» området og nyttar det jamt og trutt heile året til undervisning og rekreasjon. Går du vidare kjem du snart til utløpet for vatnet, og demningen (9) som no erstattar den tidlegare stemma. Her er det og bygd bru over bekken frå vatnet.

No kan du velja om du vil ta deg ein avstikkar ned til sjøen eller gå vidare til startpunktet for turen. Stien ned til sjøen følgjer bekken frå Kvassnesstemma. Rett nedanfor gangvegen som passerer området vil du sjå murane etter kvernhuset som ein gong stod her (10), og som området har namnet sitt frå. Kvernhuset høyrde til garden Gjervik, og kornet vart truleg frakta hit med båt eller på ryggen over land sidan det ikkje var køyreveg fram til kverna.

Nede ved sjøen på Kvassneset (11) vil du finna eit område med fine sva-berg og gode fiskeplassar, men merk deg at straumen langs land kan vera stri. Står du med nasa mot fjorden har du Osterfjorden til venstre, Sørfjorden rett fram og Salhusfjorden med Nordhordlandsbrua til høgre. Osterøy som ligg mellom Osterfjorden og Sørfjorden er største innlandsøya i Nord-europa. Nordhordlandsbrua som vart bygd i 1994, er lengste flytebrua i Noreg og knyter Nordhordland med sine nær 30.000 innbyggjarar til Bergen.

Kvassnesstemma is home to a rich variety of birds, particularly during summer. There are several species of seagulls, ducks, geese and wading birds in and near the lake, while many species of smaller songbirds occupy the coppice and the heathery heath nearby. You can also try to catch some trout in the lake.

Proceeding westward along the beach you encounter several paths connecting the nature park with commercial and residential areas near the village. The first of these comes from the parking area behind the public road station (6) and the second one comes from the commercial area by Nordhordland Kraftlag (7). Shortly after this you encounter a cove that soon will have a wading-beach (8) for children and a picnic area. The Knarvik primary school is in charge of this project. The school has "adopted" this cove and use it frequently for teaching and recreational purposes.

Further on you reach the dam (9) and the outlet from the lake. There is a bridge across the brook here, and you can now either return to the starting-point of the walk, or take a detour down to the sea. The path to the sea follows the brook from Kvassnesstemma, and just below the pedestrian walk you can see the foundations of the old quern (10) that stood here once. The quern belonged to the farm Gjervik and the grain was probably brought here in boats or in backpacks, as there was no road to the mill.

Down by the fjord at Kvassneset (11) there is an area with slopes of naked rock and very good fishing. But be careful, the current along the shore can be quite strong. When your nose points to the water you see Sørfjorden straight-ahead, Osterfjorden to the left and Salhusfjorden with the Norhordland Bridge to the right. Osterøya (The East Island) between Osterfjorden and Sørfjorden is the largest "inland" island in Northern Europe. The Norhordland Bridge was finished in 1994 and is the longest floating bridge in Norway. It connects the more than 30,000 people in Norhordland to Bergen.

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som følgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.